



Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep

0030 OSLO

Arkivsaknr.:
13/425

Journalnr.:
13/2839

Arkivkode:
K2-X30, K3-&13

Dato:
03.10.2013

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Solund formannskap handsama i møte 03.10.2013 høyring NOU 2013: 9 og vedtok samrøystes slik fråsegn i sak 065/13:

Solund kommune har følgjande fråsegn til NOU 2013:9 *Ett politi – rustet til å møte fremtidens utfordringer* som er på høyring:

1. Justis- og beredskapsdepartementet må sikre grunnlaget for å vidareføra den desentraliserte tenestestrukturen hjå politiet, ved at fleire oppgåver t.d. frå UP vert overført til lokale politi- og lensmannskontor. Politiberedskapen til sjøs bør styrkast ved lokale politi- og lensmannskontor i dei distrikta der dette er naturleg.
2. Det er viktig at dei lokale lensmannskontora i framtida får behalda og får tildelt nye oppgåver slik at det vert attraktivt og interessant å arbeida også på dei lokale tenestestadane.
3. Kommunane kan ikkje godta å få tildelt fleire oppgåver frå politiet utan at det følgjer ressursar med i form av auka rammeoverføringar.
4. Organisering av beredskapsansvar og tilhøyrigheit i politidistrikt bør harmoniserast. I dag høyrer Solund kommune til Hordaland politidistrikt og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
5. Dersom Sogn og Fjordane politidistrikt vert oppretthelde, ynskjer Solund kommune å vurdere ei overføring til Sogn og Fjordane politidistrikt.
6. Uavhengig av organisering er det avgjerande at lensmannsdistriktet som Solund høyrer til har god beredskap på sjø.

Med helsing

Erik Askeland
Administrasjonssjef